

Oppheving av hytteforbudet.

I koronaforskriften § 5 heiter det:

«Forbud mot opphold på fritidseiendom i annen kommune enn der vedkommende er folkeregistrert, forbys å ta opphold på denne. Strengt nødvendig vedlikehold eller tilsyn som er nødvendig for å avverge store materielle skader tillates.»

Dette forbudet vert oppheva frå 20. april. Samtidig står oppmodinga frå regjeringa om å unngå unødvendige fritidsreiser framleis ved lag.

I Øystre Slidre har det vore eit godt samarbeid mellom næringa, hytte-eigarane gjennom hyttevella og kommunen, sidan nasjonale vedtak som regulerer bruken av hytter kom. Vi ønskjer å halde fram dette gode samarbeidet også etter at hytteforbudet vert oppheva.

Vi vil bed alle om å rette seg etter nasjonale styresmakter si oppmoding om å unngå unødvendige fritidsreiser. Dette er ein del av den felles dugnaden for å redusere omfanget av smittespreiinga og for å bidra til at helsetenestene i hytte-kommunar ikkje vert for sterkt belasta.

Vi ber alle som etter 20. april gjennomfører fritidsreise til fritidsbustaden sin i Øystre Slidre om å følgje dei nasjonale reglane og råda mot smittespreiing. Når du er på hytta vil du bidra til dugnaden mot smittespreiing dersom du:

- Følgjer alle reglane om god handhygiene og hoste-reglane.
- Berre er i lag med dine næraste i fritidsbustaden eller på tur, med god avstand til andre. Hugs at det ikkje er lov med samlingar med meir enn 5 personar.
- Treng du innom butikk for å handle, reis ein frå kvar familie, gjer all handling unna på ein handletur, held god avstand til andre i butikken og nytt dei hygienetiltaka som butikken har lagd til rette for. Prøv å legg handling utover dagen, slik at ikkje alle kjem i butikkane på likt.
- Er du i ferd med å bli sjuk, reis tilbake i eigen bil til bustadkommunen. Kommunen har ikkje kapasitet til testing, eller oppfølging av mogleg smitta personar, som ikkje er fastbuande.

Verksemder i kommunen som driv med servering vil passe på at servering av mat skjer innanfor dei nasjonale reglane for matsservering. Selskapet som driv skiheisane på Beitostølen og i Raudalen har bestemt seg for ikkje å opne skiheisen på denne sida av sommaren.

Regjeringa vil følgje utviklinga av smittesituasjonen og har varsla ei ny vurdering av nasjonalt regelverk i byrjinga av mai. Oppdatert informasjon om dette vil du finne på [helse.no](https://www.helse.no) og på nettsida til kommunen.

Vi ser alle fram til den dagen då alle fritt kan nyte den flotte naturen, og dei mange tilbode Beitostølen og Øystre Slidre kan by på.

Odd Erik Holden
Ordførar

Arild Jacobsen
Smittevernlege

Bjarne Budal
Beitostølen Utvikling

Petter A. Knutsen
Kontaktperson hyttelage